



# KOMMUNEPLAN FOR VIK KOMMUNE 2013-24

## SAMFUNNSDELEN

### Innhald:

#### Del 1 Samfunnsdelen 2013-2024.

- 1.0 Generelt. Lovgrunnlag og ytre rammer.
- 2.0 Status og utfordringar. Samandrag
- 3.0 Overordna mål.
- 4.0 Samferdsel og kommunikasjonar
- 5.0 Vik Kommune.  
Økonomi og organisasjon.
- 6.0 Offentlege tenester og tilbod.
- 7.0 Næringsutvikling og bygdeutvikling.
- 8.0 Kultur og fritid. Kyrkja.
- 9.0 Folkehelse og likestilling.
- 10.0 Bruk og vern av natur og kulturmiljø.
- 11.0 Samfunnstryggleik og beredskap.  
2 vedlegg til del 1.

#### Del 2 Handlingsplan 2013-2016

Prioriterte tiltak og planoppgåver i 4-årsperioden .

Vedtak Vik kommunestyre  
18.12.2012



# Del 1 Samfunnsdelen 2013-2024.

## 1.0 Generelt. Lovgrunnlag og ytre rammer

### 1.1 Innleiing.

Denne planen er ein hovudrevisjon av kommuneplan vedteken i 2005.

Plan av 2005 har ikkje vore rullert eller revidert i mellomtida.

Hovudmål i planen frå 2005 om stabilisering av folketalet vart ikkje nådd.

#### **Planstrategi og Planprogram 2012.**

Kommunestyret vedtok 27.3.2012 *planstrategi og planprogram* for revisjon av kommune planen.

Planrevisjonen omfattar både samfunnsdelen og arealdelen.

Dette dokumentet utgjer **samfunnsdelen med handlingsplan**

#### **Kommuneplan 2013-24**

Ny /revidert plan har fylgjande hoveddokument og tidshorisont:

- Samfunnsdelen 2013-24 (12 år) Handlingsplan 2013-16 (4år)
- Arealdelen 2013-24 (12 år)

Nytt kommunestyre skal innan 1 år etter konstituering gjera ei vurdering av eksisterande plan, og vedta ein *planstrategi* for evt. planendringar.

Handlingsplanen skal rullerast årleg.

### 1.2 Lovgrunnlag og ytre rammer.

#### **Plan- og bygningslova av 2008**

Kommunestyret er tillagt mynde og ansvar for å utarbeida og vedta kommuneplanen.

Plan og bygningslova av 2008 pålegg alle kommunar å ha ein oppdatert kommuneplan, og gjev retningsliner for innhald og utforming av plandokument.

Utdrag med relevante paragrafar er gjeve i vedlegg 1

#### **Nasjonale og regionale føringar.**

Viktige rammevilkår for levekår og utvikling og for kommunal planlegging i Vik kommune er fastsette utanfor kommunen. Det gjeld lover og andre politisk fastsette føringar, men og utviklingstrekk og trendar i nasjonal og global politikk og økonomi.

For Vik er statleg politikk på områda *samferdsel, kommuneøkonomi og distrikts/landbrukspolitikk* særleg avgjerande.

Nasjonale og regionale planar og retningsliner/politikkdokument skal leggjast til grunn for planarbeidet.

I vedlegg 1 er gjeve eit oversyn over viktige lover, planar og føringar, samt nettstader med nøkkelinformasjon. Lista er ikkje uttømmende.

## 2.0 Status og utfordringar. Samandrag

Dokumentet «Planstrategi og planprogram» godkjent av KS 27.3.12 gjer greie for status og utfordringar for Vik som kommune og som lokalsamfunn. Under fylgjer eit kortfatta samandrag .

### 2.1 Folketalsutvikling.

Folketalet i Vik kommune har minka med omlag 200 personar siste 10 år.

Hovudmålet i kommuneplan av 2005 om stabilisering av folketalet er såleis ikkje oppnådd. SSB si framskriving viser ca 2600 innbyggjarar i 2024, mot 2760 i 2011.

Det gjev reduserte inntekter til kommunen, og mindre grunnlag for tenester og tilbod.

For utkantbygdene Fresvik og Arnafjorden er den registrerte nedgangen dramatisk, og vidare nedgang vil truga grunnlaget for basistilbod som skule og butikk.

- Netto innvandring frå utlandet til Vik siste 5 år var ca **16** pr år i snitt.
- Netto utflytting frå Vik til andre stader i Noreg var siste 5 år ca **26** pr år i snitt
- Netto fødselsunderskot var **6-7** pr år i snitt.
- Netto nedgang i folketal var siste 5 år ca **16** pr. år i snitt

Det er *tilflytting frå utlandet* som bremsar folketalsnedgangen.

**Tabell 2.1.** Folketalsutvikling Vik kommune 2000-2011. Pr 1.1. Kjelde: SSB

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Personar	2965	2943	2915	2901	2899	2881	2847	2835	2809	2780	2768	2758

**Tabell 2.2.** Framskrivning av folketal i Vik kommune. Kjelde : SSB . Alternativ MMMM (middelsvekst). Avrunda.

År	2011	2016	2020	2024
Personar	<b>2760</b>	<b>2700</b>	<b>2640</b>	<b>2600</b>

**Folketalsutvikling siste 10 år i soknene:** Kjelde: SSB sine tal for grunnkrinsar.

Sokn	2000	2005	2010	Endring 10 år
Vik Hovedsokn	1909	1851	1793	-116 (-6%)
Av dette i Flatbygdi	1384	1373	1348	-36 (-2,6%)
Fresvik	286	257	218	-68 (-24%)
Feios	245	243	253	+8 (+3 %)
Vangsnes	326	342	339	+13 (+4%)
Arnafjorden	194	182	164	-30 (-15%)

Vangsnes og Feios har hatt ein svak auke . Resten av kommunen har hatt nedgang.

Fresvik og Arnafjorden har hatt stor nedgang i folketal, og nærmar seg eit kritisk nivå med tanke på viktige fellesfunksjonar som t.d butikk og skule/barnehage .

Berre auka tilflytting kan bremsa eller snu folketalsnedgangen i kommunen.

Det vil krevja sterk, kontinuerleg , samordna og planmessig innsats frå heile samfunnet.

## **2.2 Samferdsel og kommunikasjonar**

Utbygging av RV13 til sikker heilårsveg, gode offentlege kommunikasjonar og utbygging av høgkapasitets-breiband i heile kommunen er avgjerande for næringsutvikling og eit utvida bu- og arbeidsområde.

## **2.3 Næringsliv og Sysselsetting.**

Vik har låg arbeidsløyse og høg yrkesdeltaking, men ein avgrensa arbeidsmarknad.

Rekruttering av arbeidstakarar med rett kompetanse er ei stor utfordring både for offentlege og private verksemdar.

Det må ventast vidare nedgang i sysselsetting i tradisjonell landbruksnæring.

## **2.4 Vik kommune. Offentlege tenester**

Vik Kommune har i utgangspunktet god økonomi, og kan vera ein viktig motor i lokalsamfunnet, avhengig av økonomisk handlingsrom.

Dette handlingsrommet er lite i første del av planperioden, på grunn av Terra-saka.

Frå ca 2017 vil Kommunen disponera 20 - 25 mill. kr ekstra for året til nye tiltak.

Venta folketalsutvikling tilseier at tenestene kan drivast på eit forsvarleg nivå utan vesentleg auka kostnader i planperioden.

Det vil i planperioden verta behov for eit større løft i vedlikehald og oppgradering av offentlege og allmennyttige areal, bygg og anlegg.

## **2.5 Bruk og vern av natur- og kulturmiljø.**

Ein del sårbare artar og verdifulle naturtypar og naturressursar er under aukande press frå m.a. byggeverksemd, trafikk og utfart .

I Vik gjeld dette særleg høgjellet med villreinstamma og nedslagsfelt for drikkevatt, matjorda, regulerte vassdrag og andre vassressursar, samt strandsona.

Verdifulle kulturminne og kulturlandskap står i fare for å gå tapt i stort omfang på grunn av m.a. strukturendringar og nye driftsmåtar i landbruket..

## **2.6 Folkehelse og velferd.**

Vik har relativt god folkehelse og relativt liten ulikskap i levekår. Allmenne trendar gjer seg gjeldande også i Vik, og vil krevja tiltak i framtida.

## **2.7 Klima og miljø. Naturfare**

Deler av kommunen sine aktuelle område for bygging og busetting ligg i faresone for ras og/eller flaum. Venta klimaendringar vil forsterka dette.

### 3.0 Overordna mål.

Mål og strategiar i dette kapittelet gjeld både for kommunen som *organisasjon* og kommunen som *samfunn*.

#### Hovudmål:

Hovudmål for plan- og utviklingsarbeidet i Vik kommune er å snu folketalsnedgangen. For planperioden gjeld fylgjande mål:

*Snu folketalsutviklinga - 2800 innbyggjarar i 2024.*

Eit viktig delmål er at kommunesenteret Vik og bygdene Arnafjorden, Vangnes, Feios og Fresvik skal utviklast vidare som levande og attraktive lokalsamfunn .

Kommuneplanarbeidet skal leggja til rette for ei utvikling som sikrar gode levekår og livskvalitetar for noverande og komande generasjonar.

#### Strategiar for å nå hovedmålet:

1. Vik kommune skal vera *open, attraktiv og imøtekomande* for tilflyttarar og etablerarar.
2. Bygdene i Vik kommune skal ha gode og trygge samband til omverda, slik at dei vert del av eit større bu- og arbeidsområde.
3. Vik Kommune skal vera ein god tenesteprodusent og forvaltar, og ein aktiv samfunnsutviklar.
4. Eit organisert og forpliktande *samarbeid om næringsutvikling* mellom Vik Kommune , næringsliv og offentlege verksemder skal medverka til gode vilkår for eksisterande og nye arbeidsplassar.
5. Vik kommune skal vera ein *idretts- og kulturkommune* , med stor breidde , stor deltaking og dugnadskultur som kjenneteikn.
6. Vik kommune skal ivareta og framheva sin status som *verdsarvkommune* med god forvaltning av verna og verdifulle naturområde, kulturarv og kulturminne.



## 4.0

# Samferdsel og kommunikasjonar



### Status og utfordringar.

Viktige utfordringar 2012 ( Sjå Planstrategi og planprogram av 27.3.12 for utfyllande framstilling):

- Usikker riksveg 13 over Vikafjellet.
- Dårlig ferjefrekvens og ingen nattferja frå/til Vangsnes.
- Rasutset RV13 Vik-Vangsnes og FV 92 Vik- Arnafjord
- Dårlig breibandsdekning og mangelfull mobildekning.

### Hovudmål:

Bygdene i Vik kommune skal ha gode og trygge samband til omverda, slik at dei kan verta del av eit større bu og arbeidsområde .

### Delmål og tiltak.

1. Utbygging av RV13 til sikker heilårsveg på strekninga Vangsnes-Vinje er avgjerande for næringsutvikling og busetting i Vik kommune. Hovudsaker for Vik kommune er tunnel under Vikafjellet, rassikring i Galden, og auka ferjefrekvens.  
Det er avgjerande for utvikling i Vik at desse prosjekta kjem med i NTP 2014 -23
2. Rassikring av fylkesveg 92 til Arnafjorden og og 182 Feios-Fresvik, samt utbetring av Vange bru . Utbetring av fylkesvegar i Feios må samordnast med uttak av skog og kraftutbygging.
3. Vik Kommune forutset at ekspressbåttilbodet, båtruta Vik-Ortnevik og bussruter vert halde oppe på minst same nivå som i dag.
4. Det må arbeidast på regionalt nivå for å få på plass *båtruter* i indre fjordbasseng som kombinerer funksjonane skulerute, pendlarrute og turistrute.
5. Vik Kommune forventar at Staten i sine planar legg inn gang/sykkelveg frå Vangsnes til Vik sentrum. Dette er viktig for utvikling av Vangsnes som avlastningsområde for Vik sentrum og for vidare utvikling av reieslivsverksemdene på strekninga.
6. Alle sokn skal ha tilgang til høgkapasites breiband via fiberkabel innan planperioden  
Det skal lagast ein eigen temaplan for informasjonsteknologi.
7. Vik Kommune forventar at netteigar syter for trygg el. forsyning til alle sokner i kommunen.
8. Heile kommunen skal sikrast god mobiltelefondekning innan planperioden.

## 5.0 Vik Kommune. Økonomi og organisasjon.

### 5.1 Kommuneøkonomi

#### Status og utfordringar. Økonomiske rammer i planperioden.

Dei økonomiske rammene for Vik Kommune vil endra seg i planperioden 2013-24.

Folketalsutvikling, samhandlingseforma, og avgjerd i Terra-saka er døme på forhold som kan påverka rammene vesentleg.

Økonomiske rammer i første del av planperioden 2012-16 vil vera sterkt prega av Terra-saka, og status som Robek-kommune. Plan for inndekking av det akkumulerte underskotet går fram t.o.m. 2016.

Ein vidare reduksjon i folketal vil gje reduserte rammeoverføringar frå staten, og vil krevja tilsvarande reduksjon i driftskostnadene dersom planen for inndekking av underskot skal fylgjast.

Som Robek-kommune vil Vik kommune ha svært avgrensa høve til å finansiera prosjekt ved låneopptak.

Følgjande finansieringsmåtar er aktuelle:

- Statleg rentekompensasjon for investeringar i skule- og symjeanlegg. Vik si ramme er på kr 7,5 mill.
- Inntekter frå sal av kommunale bygg, tomter og evt. andre eigedomar.
- Lån til prosjekt knytt til *sjølvkostområda* (vatn, avløp, renovasjon).
- Overføringar frå *kraftfondet* . (årleg tilført konsesjonsavgifter på ca 6mill.kr)

Det er god grunn til å tru at dei økonomiske rammene for perioden 2017-23 (etter Terra) kan bli vesentleg romslegare.

Dersom ein maktar å fylgja den vedtekne planen for nedbetaling av det akkumulerte underskotet, vil ein frå 2017 ha ekstra midlar i storleiksorden 20-25 mill i 2011-kroner til disposisjon kvart år.

Det er forventa eit stort investeringsbehov for å ta att etterslep på vedlikehald og utsette tiltak.

#### Mål og retningsliner.

1. Vik Kommune skal forvalta kommunen sine verdier og inntekter på ein ansvarleg og langsiktig måte til beste for innbyggjarane og lokalsamfunnet.
2. Driftskostnadane skal tilpassast dei økonomiske rammene .
3. I første del av planperioden skal investeringsmidlane primært kanalisert mot prosjekt som på sikt kan gje driftsmessige innsparingar, og prosjekt som har stor del ekstern finansiering/tilskot.
4. Vik Kommune skal aktivt søkja opp og gjera seg nytte av statlege/offentlege og private midlar som kan bidra til utvikling og auka velferd i Vik.
5. Langsiktig gjeld pr. innbyggjar skal på sikt ikkje overstiga gjennomsnitt i fylket.

## 5.2 Vik Kommune som organisasjon

### Status og utfordringar

Den **administrative organiseringa** i Vik kommune er basert på på 3-nivåmodellen, med eitt leiarnivå mellom rådmann og dei ulike tenesteområda.

Denne organiseringa har ein no hatt sidan 2003.

Det er ikkje gjort erfaringar som tilseier vesentlege endringar.

Ved utgangen av 2011 var det **254 årsverk** i Vik Kommune, fordelt på **321 tilsette**.

Tilsvarende tal for 2007 var 254 årsverk og 344 tilsette. Ca 8 av 10 tilsette er kvinner.

22% av dei tilsette er over 60 år. Omlag 1 av 3 tilsette har minst 3 år høgare utdanning.

Innan få år får kommunen store utfordringar med rekruttering av nye medarbeidar med rett kompetanse.

Kommunen sine oppgåver kan delast i tre: *Forvaltning, tenesteproduksjon, samfunnsutvikling*.

Oppgåva som *samfunnsutviklar* blir sterkast utfordra av trongare økonomiske vilkår.

Vik er ein kommune som treng å samarbeida med andre, m.a for å oppfylle krava til kompetanse innan ulike fagfelt . Geografi og kommunikasjonar gjer *samanslåing* med andre kommunar lite aktuelt.

Vik er pr. 2012 med i ei rekkje ulike interkommunale samarbeidstiltak.

### Mål og retningslinjer

1. Vik kommune skal vera ein påliteleg forvaltar og tenesteproducent, og ein aktiv samfunnsutviklar til beste for heile kommunen.
2. Vik Kommune skal søkja samarbeid med nabokommunar for å løysa oppgåver som best kan løysast i fellesskap for eit større område.
3. Vik Kommune skal ha ein *personalpolitikk* med opplegg for kompetanseheving og vidareutdanning av tilsette, og planmessig rekruttering av nye fagfolk gjennom opplegg for hospitering, sommarjobb, m.m.
4. Vik Kommune skal vera ein inkluderande arbeidsplass, med godt arbeidsmiljø og mål om eit sjukefråvær under 5% i snitt.



## 6.0 Offentlege tenester og tilbod.

### 6.1 Omsorg og helse.

#### Status og utfordringar 2012

**Omsorgstenesta** er eigen sektor frå 2008

Institusjonsplassar 2011: 53 (VBS). Omsorgsbustader m. heildøgns omsorg: 19 (10 i Vik, 9 i Fresvik)  
Vik har relativt færre plassar i i institusjon og omsorgsbustad enn snitt for landet.

Eining	Tilsette/årsverk	Teneste/Oppgåver
VBS	79/57	53 plassar/senger
Open omsorg	62/43	Heimesjukepleie, heimehjelp, , dagtilbod demente Omsorgsbustader: 9 i Fresvik bygdeheim, 10 i Vik. Sum: 19
Rehabilitering	7/6	Fysioterapi, ergoterapi, hjelpemiddelformidling, velferdssenter
Funksjonshemma		Miljøterapi, fylgjeteneste
Psykisk helse	4/2,7	Pratisk oppfølging, samtalebehandling, oppfølging på fritid
Fengselhelseteneste	1/1	Tilbod til/i Vik Fengsel
<b>Omsorg, samla</b>	<b>154/110</b>	

**Helsetenesta** er eigen sektor med kommuneoverlegen som leiar, og med lokale i Helsetunet.

Det har ikkje vore store endringar i organisering og bemanning siste 5 år.

Eining	Tilsette/årsverk	Teneste/Oppgåver
Lege	4/4	
Helsestasjon	2/2	Skulehelsetenseste, førebygging og rådgjeving, smittevern.
Jordmor	0,5/0,5	Kontroll, rettleiing, fylgjeteneste
<b>Helse, inkl. kontor</b>	<b>10/9</b>	Lege, jordmor, helsestasjon, kontor/hjelpespersonell

Forventa utvikling i tal på eldre er dimensjonerande for omsorgstenester og i stor grad for helsetenester  
Forventa utvikling i planperioden 2012-2024 (Kjelde: SSB/ Fylkesspegelen):

\* Tal på "yngre eldre" 67-79 vil auka med ca 65 personar .

\* Samla tal på personar 80 + vert redusert med ca 20, men 90+ vil auka med ca 10 i planperioden.

#### Viktige utfordringar:

\*Tal på eldre med behov for helse- og omsorgstenester er venta å auka i planperioden.

\*Diagnosane demens og diabetes er forventa å auka framover.

\*Oppfølging av Samhandlingsreforma og nytt lovverk

\*Dårleg tilpassa bygningsmasse til å møta framtidige behov.

\*Rekruttering av kvalifisert personell.

\*Eksisterande planar for sektoren treng oppdatering.

## Hovedmål

Vik Kommune sine tenester innan helse og omsorg skal fremja tryggleik, helse og trivsel, og gje behandling , hjelp og støtte tilpassa individuelle behov.

Alle som ynskjer det skal ha høve til å bu heime så lenge som ein kan gje eit forsvarleg tilbod der.

## Delmål og tiltak.

1. Tilbod om *pleie og omsorg* skal gjevast i eigen heim så lenge som mogeleg.
2. Tilbod om *rehabilitering* etter skade eller lyte skal gjevast så nær eigen heim som mogeleg.
3. Vik kommune vil bygge opp tilbod/tenester til sjuke som treng oppfølging etter sjukehusinnlegging, eventuelt i staden for innlegging i sjukehus.
4. Bygningar og utstyr for helsetenester, pleie og omsorg skal vera tilpassa føremålet. Det skal snarast startast opp planarbeid med tanke på fornying /ombygging av VBS for å møte nye krav og behov.
5. Tilbodet til menneske med *demens* skal styrkast. Dette gjeld både heildøgntilbod, dagtilbod og oppfølging av pårørande.
6. Bustadtilbod til psykisk utviklingshemma skal betrast/fornyast. Det skal byggjast min. 10 nye bustader + fellesrom i første del av planperioden .
7. Kommunen skal ha gjensidig avtale med *spesialisthelsetenesta* som dreg opp ansvars- og oppgåve- fordeling mellom dei to nivå.
8. Kommunen vil samhandla med andre kommunar om tenester som er for spesialiserte til at Vik kommune kan ta hand om dei sjølv.
9. Vik Kommune vil arbeida for å få på plass ei *interkommunal legevaktordning* innan første del av planperioden.
10. Førebygging og folkehelse skal vera satsingsområde. I arbeidet skal Vik Kommune søkja samarbeid med frivillige organisasjonar, og tenke breitt på tiltakssida.
11. Det må arbeidast langsiktig og målretta med nyrekruttering, og med tiltak for å halda på personell i sektoren .  
Organisatoriske tilhøve og bruk av eigna teknologi skal vurderast for å sikre optimal ressursutnytting.  
Sektoren skal ha opplegg for intern kompetanseheving, og godt arbeidsmiljø.
12. Det skal utarbeidast eigen ***kommunedelplan for omsorg og helse***. Planen skal leggja retningslinene over til grunn

## 6.2 NAV. Sosialhjelp, arbeid og velferdsytingar.

NAV - Vik vart etablert i 2008, med lokale i kommunehuset i Vik sentrum.

NAV VIK. Oversyn. Funksjonsdeling kommune -stat.

Teneste	Tilsette/årsverk	Oppgåver
NAV kommune	6/5,3	Sosialhjelp Flyktningeteneste og vaksenopplæring for framandspråklege Ruskonsulent. Rusomsorg
NAV stat	3/2,5	Arbeid og velferdsytingar.

### Utfordringar.

Vik har siste 10 år fått ei stor gruppe innvandrarar , som busette flyktningar og som arbeidsinnvandrar. Norskopplæring er ein nøkkelfaktor for å få til god integrering .

Tilgang på høveleg *bustad og arbeid* er avgjerande for om dei blir verande i kommunen.

NAV registrerer mangel på høvelege *gjennomgangsbustader/leigebustader* i Vik.

Endringar i familiestruktur gjev auka behov for mindre og sentrumsnære bustader til leige og/eller sal.

### Hovedmål.

NAV Vik skal møta den einkilde sine behov slik at brukaren kan ta ansvar for eige liv.

Tenesta sin verksemdstrategi er:

- *Arbeid fyrst*
- *Påliteleg forvaltning*
- *Aktive brukarar*
- *Kunnskapsrik samfunnsaktør*

### Delmål og tiltak

1. NAV Vik skal gjennom samhandling med andre offentlege instansar og næringslivet i Vik, og med nabokommunane, vera ein sentral aktør i utviklinga av Vik som ein løysingsorientert og levedyktig kommune.
2. Dei nye arbeids- og velferdsordningane som er forvalta gjennom NAV, skal brukast til å sikra sysselsetjing og færrast muleg på passive ytingar.
3. NAV Vik skal medverka aktivt i arbeidet med å leggja til rette for innflytting og god integrering. Dette omfattar m.a. tilpassa norskopplæring for alle, god kartlegging av kompetanse og arbeidsevne, bruk av arbeidsretta tiltaksmidlar og bruk av husbankordningar for å skaffa nok bustad.
4. Arbeid for å retta opp og førebyggja rusksadar skal halda fram, basert m.a. på vedteken ruspolitisk handlingsplan.

## 6.3 Oppvekst. Skule og barnehage.

Sektoren er organisert med oppvekstsjef som leiar.

Einingar Skule/barnehage	Tilsette- årsverk 2011	Einingar Andre	Tilsette-årsverk 2011
Flatbygdi Skule	41 - 28,3	Vik Kulturskule	7 – 3,3
Valsvik Oppvekstsenter	12 – 6,3	Vik Bibliotek	3- 1,4
Vangsnes oppvekstsenter	15 – 10,5	Lokalhistorisk arkiv	1- 0,2
Feios Oppvekstsenter	16 – 11,8	Vik Barnevern	3- 2,7
Fresvik Oppvekstsenter	10 – 5,3	Vaksenopplæringa	2- 1,3
Vik Barnehage	28 - 21		
Sum	122 – 83,2		

### Framskrivning av elevtal i skulane 2010-2016.

Skule / år	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17
Fresvik Skule	13	12	12	11	8	7	6
Feios Skule * 1-10	45	44	37	37	37	39	36
Vangsnes Skule 1-4	20	18	18	19	17	18	19
Valsvik Skule. 1-7	14	16	19	19	16	15	14
Flatbygdi skule** 1-10	241	231	231	232	227	228	230
Sum skuleelevar	<b>333</b>	<b>321</b>	<b>317</b>	<b>318</b>	<b>305</b>	<b>307</b>	<b>305</b>

\* Medrekna 8-10 klassesteg frå Fresvik.

\*\*Medrekna elevar frå Vangsnes 5-10 ,og Valsvik 8-10 skuleår.

**Kulturskulen** har base i Notestova og organiserer tilbod innan idrett, dans, drama, biletkunst og musikk, og yter dirigenttenester til kor og korps:

Vik Musikklag, Vik Skulekorps, Feios skule- og ungdomskorps, Fresvik skulekorps.

Vik Songlag og Feios blandakor.

### Utfordringar, oppvekst og kultur:

- Bygningsmasse/skuleanlegg er av eldre dato, og til dels dårleg tilpassa framtidig verksemd og barnetal.
- Bygningar og anlegg har eit stort etterslep på vedlikehald.
- Tilkomst og tomt/uteområde for Vik Barnehage. Flaumutsett areal m.m.
- Relativt dyr struktur å drifta.
- Pedagogiske utfordringar i forhold til lover / forskrifter og storleik på einingane
- Aukande fleirspråkleg elevmasse.
- Organisering av barnevernet i framtida.
- Rekruttering av kvalifisert personale.
- Rekruttering til kor og korps.

### Hovedmål.

Verksemda skal gje gode oppvekstvilkår og læring med forankring i lokalmiljøet, og øva opp evne og vilje til aktiv deltaking i samfunnet.

## Delmål og tiltak.

1. Skulestrukturen med 4 oppvekstsentra i bygdelaga i tillegg til Flatbygdi skule og Vik Barnehage, skal liggja fast så lenge elevgrunnlaget er til stades og nye krav til kompetanse, pedagogisk opplegg og bygningsmessige rammer kan oppfyllest.
2. Vik kommune skal gje tilbod om barnehageplass til alle som har rett til det.
3. Vik Kommune skal gjennom Kulturskulen gje eit tenleg opplæringstilbod på kulturområdet, og yta tilpassa dirigenttenester til kor og korps.
4. Bygningar og anlegg skal vera tilpassa føremålet, og ha ein god vedlikehaldsstandard . Det skal tidleg i planperioden lagast ei utgreiing om behov for opprusting/vedlikehald av bygg og anlegg i oppvekstsektoren.
5. Det skal utarbeidast eigen *temaplan* for oppvekstsektoren, med ei samla vurdering av framtidig bruk av ressursane i sektoren .
6. Det skal vurderast om *barnevernstenesta* skal vera del av eit interkommunalt samarbeid . I barnevernet skal førebygging og tidleg intervensjon vera hovedstrategi.
7. Vik Barnehage skal sikrast god vegtilkomst, og trygge areal til evt. framtidig utviding.
8. Kulturhusplan for Vik kommune skal rullerast. Framtidig løysing for kulturhusfunksjonen i Vik tettstad skal vurderast i samband med rullering.
9. Skulane sin funksjon som fritidsarena , møtestad og kulturhus i bygdene må vidareutviklast.
10. Skule, barnehage og kultur er viktige for integrering av tilflyttarar. Naudsynt kompetanse må byggjast. Norskopplæring for framandspråklege er prioritert.
11. Tilbod om vidaregåande opplæring skal utviklast i samarbeid med Vik Fengsel
12. Vik kommune skal arbeida for skulebåt og trygge tilbod på skulestaden for bortebruarar.
13. Skule og barnehage skal gjera borna kjende med lokal kulturarv gjennom aktiv bruk av materielle og immaterielle kulturminne, og ivareta og styrka nynorsken si stilling i undervisninga.
14. Skular og barnehagar i Vik skal ha auka fokus på sunt kosthald og fysisk aktivitet .



## 6.4 Kommunale bygg og anlegg. VVAR

### Status og utfordringar

Eigen sektor m. teknisk sjef som leiar. 31 tilsette pr 2011 (uendra frå 2005). 24 årsverk

Anlegg/oppgåver	Spesifikasjon
Bygningar	20.700m <sup>2</sup> bygningsmasse
Grøntareal/park	120da
Kommunale vegar	70km. 25m/innbyggjar.
Vassverk	Vik, Bødalen, Vangsnes, Rinde og Høgheim vassverk. 471.000 m <sup>3</sup> produsert vatn i 2011
Godkjende private vassverk:	Feios, Fresvik, Arnafjorden
Offentleg avløpsanlegg	26 km kommunal avløpsledning. 60% av husstandane er tilknytt.
Brannvern	Medlemskap i Sogn brann og redning IKS. Stasjon i Vik og Fresvik.

### Utfordringar:

- Kommunale bygg har generelt eit stort etterslep på vedlikehald.
- Ein del bygg er av eldre dato og mindre eigna for dagens bruk.
- Det kommunale vegnettet er omfattande i høve til folketal, og dekker no ogso område utan fast busetting.
- I Hovudsoknet er berre Flatbygdi til Følid og Hønsi knytt til offentleg avløpsanlegg. Grunnforholda er dårleg eigna for infiltrasjon i dalane. Framføring av offentleg avløpsnett vil kunna minka ureiningspresset på vassdraga. Dette er særleg aktuelt for Hopra.
- Fresvik manglar godkjent felles avløpsanlegg.
- Vik Kommune driftar 87km vassledning. Ca 30 % treng rehabilitering.
- Hygienisk barriere nr.2 i Vik Vassverk og Bødalen manglar.
- Kapasitet i Vangsnes vassverk er ikkje god nok for vidare utbygging før dam Høgretjønn er utbetra.
- Vik manglar digitalt VA-kart og oppdatert digitalt *eigedomskart*. Oppdaterte kartgrunnlag er naudsynt for god forvaltning og planlegging.
- Eldhuset må oppgraderast for å nytta ut potensialet for vassboren varme.

Aktuelle delplanar/temaplanar:

-Kommunedelplan for avløp

-Kommunedelplan for vassforsyning

-Kommunedelplan vegforvaltning.

### Mål og tiltak:

#### 6.4.1 Kommunale vegar.

1. Kommunale vegar skal gje tilkomst til område med fast busetting.
2. Alle kommunale køyrevegar skal ha fast dekke innan planperioden går ut.
3. Nye vegar skal som hovudregel utførast i samsvar med vegnormalen.
4. Det skal setjast av tilstrekkelege midlar til godt vedlikehald sommar og vinter.
5. Tiltak skal vera forankra i godkjend *delplan for vegforvaltning*.
6. Utbygging av gang- og sykkelvegar og turvegar skal prioriterast.

#### **6.4.2 Kommunale bygg og eigedomar.**

1. Kommunale bygg og anlegg skal ha ein standard og utforming som er tenleg for føremålet.
2. Det skal utarbeidast *plan* for opprusting/rehabilitering og vedlikehald av bygningsmassen , med energiøkonomisering som eit viktig delmål.
3. Det skal tilretteleggjast for vassboren varme i alle større nybygg, og i eksisterande bygg der det er økonomisk forsvarleg.
4. Det skal utarbeidast ein plan for skjøtsel av offentlege grøntareal/friområde.

#### **6.4.3 Vassforsyning og avløp .**

1. Innbyggjarane i Vik kommune skal sikrast reint vatn av god kvalitet i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Vasskvalitet frå Vik vassverk og Bødalen Vassverk skal sikrast med utbygging av ein 2. barriere, samt ei restriktiv haldning til nye tiltak i nedslagsfeltet.
2. Avløpsløyser skal vera i samsvar med lover reglar og nasjonale krav.
3. Nye utbyggingsområde bør utnytta eksisterande nett for vatn og avløp så langt råd.
4. Fornyng av ledningsnett må ta omsyn til venta klimaendringar.
5. Overvatn skal som hovedregel gå i eigne ledningar eller opne løp.
6. Prioriterte nyanlegg : avløpssanering i Bødalen/langs Hopra, og hovednett for avløp i Fresvik.
7. Det skal planleggjast for at Vangsnes på sikt skal få vatn frå Vik vassverk via leidning i/langs riksveg 13. Planar må samkøyrast med STVV sine vegplanar på strekninga.
8. Handlingsplan skal byggja på reviderte hovedplanar for vassforsyning og avløp .

#### **6.4.4 Renovasjon.**

1. Gjennom medlemskap i SIMAS skal VK tilby ei god og brukartilpassa avfallsordning i samsvar med lover og forskrifter.
2. Private avfallsplassar og dumping av avfall i naturen skal ikkje akseptrast.
3. Nytt deponi for hageavfall skal etablerast i/nær hovudsoknet til avløysing for eks deponi.

#### **6.4.5 Brannvern**

Gjennom medlemskap i Sogn Brann og Redning IKS skal Vik Kommune sikra innbyggjarane eit godt brannvern i samsvar med nasjonale krav..

Utfyllande retningsliner er gjevne i temaplan Brannordning for Vik kommune.

## 7.0 Næringsutvikling og bygdeutvikling.



### 7.1 Generelt.

Tal sysselsette i Vik kommune 2010 etter hovednæring. Kjelde: SSB/Fylkesspejel

Næring	Tal	%. Avrunda	% Landet
Primærnæring. Landbruk og liknande.	146	11	3.3
Sekundærnæring. Industri og liknande.	374	29	
Tenestenæringar og liknande.	772	60	
Sum	1292	100	

Utvikling siste 10 år:

- Tal sysselsette i primærnæring (landbruk) er redusert med 25% .
- Tilnærma uendra i Industri og bygg /anlegg.
- Ein liten auke i tenestenæringar.

Generelt har Vik Kommune høg prosent sysselsette i høve til folketal, og låg registrert arbeidsløyse.

Det er registrert ca 650 firma i Vik, av desse ca 2/3 einpersonføretak.

Bruttoinntekt ligg i snitt ca 50.000kr lågare enn snitt for landet (SSB 2009)

Samarbeid mellom næringslivet og Vik kommune om næringsutvikling er formalisert i *Vik Næringsforum* .

Vik Kommune har frå hausten 2011 tilsett næringsssjef i heil stilling, for å styrka arbeidet med næringsutvikling. Utarbeiding av *strategisk næringsplan* er ei prioritert oppgåve.

*Kraftfondet* får årleg tilført konsesjonsavgifter på ca 6mill kr . Midlane skal brukast til næringsutvikling.

#### Utfordringar:

- Folk i Vik kommune har tilgang til ein relativt *avgrensa arbeidsmarknad* i dagpendlaravstand. Dette gjeld særleg Arnafjorden og Fresvik. Balestrand-Leikanger-Sogndal ligg innafør akseptabel dagpendlaravstand frå sentrale deler av kommunen
- Rekruttering av arbeidskraft med rett kompetanse er ei stor utfordring både for offentlege og private verksemder.
- Konkurransenutsette bedrifter har ei stor utfordring i usikker og lang veg til marknader.
- Med gjeldande rammevilkår må det ventast vidare nedgang i sysselsetting i tradisjonelle landbruksnæringar .
- Mangel på *gjennomgangsbustader* er eit hinder for rekruttering både i utkantane og sentrum.
- Fibernett for breiband er berre tilgjengeleg i deler av sentrumsområdet.
- Deler av kommunen manglar mobildekning.

## Hovudmål og strategiar:

Arbeid med næringsutvikling og bygdeutvikling skal ha som hovudmål å få til vekst i folketal og busetting i Vik kommune. Dette skal gjerast ved :

- Eit *organisert og forpliktande* samarbeid om næringsutvikling mellom næringslivet, kommunen og offentlege verksemder .
- Aktiv kommunal tilrettelegging for utvikling og nyetablering med areal , teknisk infrastruktur og rådgjeving/næringsstøtte.
- Arbeid for utvida bu- og arbeidsområde med betre kommunikasjonar.
- Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring.
- Samordna og langsiktig arbeid for å utvikla Vik kommune som reisemål.
- Målrretta arbeid for rekruttering , tilflytting og omdømebygging.

**Kommunedelplan for næringsutvikling** («Strategisk næringsplan) gjev meir detaljerte føringar for kommunen sitt arbeid med næringsutvikling.

## 7.2 Hovudnæringar. Mål og tiltak

### Landbruk/primærnæring

1. VK skal bidra til å halda oppe sysselsetting og verdiskaping i landbruket med aktiv og kompetent rådgjevingsteneste og formidling av statlege og kommunale tilskot.
2. Den registrerte nedgangen i tradisjonelle næringar (mjølk, kjøtt) skal møtast med satsing på bær, skogbruk , økologisk drift, meir lokal foredling og reiseliv.
3. Vik kommune skal bidra til at landbruket sine produksjonsressursar vert ivaretekne med jordvern og innskjerping av bu- og driveplikt.
4. Vedteken Hovedplan for skogsvegar skal leggjast til grunn for utbygging av skogsvegar.

### Sekundærnæringar. Industri, bygg og anlegg. Kraftproduksjon

1. Vik har som mål å vera ein stor industrikommune også i framtida.
2. Det skal leggjast til rette for utvikling av eit større industri/næringsareal på Vangsnes, og sikrast næringsareal i dei andre soknene .
3. Produksjonsbedriftene i kommunen skal sikrast areal for vidare utvikling.
4. Det skal leggjast til rette eigna område for masselagring/depot i alle sokn.
5. Det skal lagast ein *delplan for småkraftverk* i Vik kommune, med mål å få avklara kva attverande vassdrag som kan/bør byggjast ut og kva vassdrag som bør skjermast for utbygging.
6. Vik Kommune skal halda fram som aktiv eigar i Sognekraft minst på same nivå som i dag.

### Tenestenæringar.

1. Det skal tidleg i planperioden startast eit utgreiingsarbeid med sikte på å etablera *næringshage* i Vik.
2. Vik kommune vil bidra til å halda oppe og vidareutvikla det sterke kompetanse- og rådgjevvarmiljøet i Vik innan IT, økonomi, byggeteknikk og arkitektur.
3. Satsing på reiseliv og hyttefolk. Dobling av talet på gjestedøger og 100 nye hytter i planperioden.

## 7.3 Satsingsområde.

Planstrategi 2012 peikar ut 10 fokusområde for planrevisjonen. 4 av dei vert omtalte i dette kapittelet.

- *Prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering.*
- *Bygdeutvikling og bulyst*
- *Tettstadfornyng*
- *Reisemålsutvikling*

### 7.3.1 Prosjekt for tilflytting, innvandring og integrering:

#### «Velkommen til Vik»

Bakgrunnstal om folketalsutvikling tilseier at berre auka tilflytting kan gje auka folketal i kommunen.

Det er vurdert å vera størst potensiale i tilflytting frå utlandet.

Vik har i 2012 ei relativt stor gruppe busette tilflyttarar frå Polen/Nord-Europa, og ei stor kontaktflate mot potensielle tilflyttar gjennom 5-600 gjestearbeidarar/bærplukkarar.

Prosjektet **»Velkommen til Vik»** og skal ha tidsramme min. 5 år, med forlenging ved behov.

Aktuelle partar i prosjektet er Vik Kommune, fylkeskommunen, næringsliv og frivillig sektor.

Prosjektet må ha gode og realistiske opplegg for:

- bustad
- Arbeid.
- norskopplæring
- integrering.
- Kommunikasjon med aktuelle målgrupper

### 7.3.2 Bygdeutvikling og bulyst.

Utkantbygdene Fresvik (218 i 2010) og Arnafjorden (164 i 2010) har siste 10 år hatt ein dramatisk nedgang i folketalet. Dette trugar grunnlaget for basistjenester/fellesfunksjonar.

For desse bygdene trengst særlege tiltak for å bremsa/snu folketalsutviklinga.

Vik Kommune vil samarbeida med bygdelaga og andre lokale krefter for å få til ei god utvikling.

Arbeidet skal samordnast i lokale **bygdeutviklingsprosjekt**, med *bygdelaga* som prosjekteigar og kommunen som part/medspelar.

Bygdeutviklingsprosjekt for Fresvik og Arnafjorden bør starta opp snarast ,og og bør vara minst 3 år.

Prioriterte tiltak:

- Gjennomgangsbustader for tilflyttarar.
- Byggeklare tomter
- Gode /tiltalande fellesområde og møteplassar.

Det er forutsett at arbeidet vert samordna med *prosjekt for tilflytting :»Velkommen til Vik»*



### Bygdeutvikling og bustadpolitikk.

Vik Kommune vil medverka til at det vert bygd/skaffa fram bustader og bustadtomter. Mangel på høvelege bustader og tomter skal ikkje vera ein flaskehals for tilflytting og busetting .



### 7.3.3 Tettstadutvikling.

Kommunesenteret Vikøyri/Flatbygdi skal utviklast til ein attraktiv tettstad med tiltalende offentlege rom og møteplassar.

- Arbeid med opprusting av sjøfronten på Vikøyri frå Vikja til Havnen skal fullførast, og gangveg/promenade langs fjorden vidareførast forbi Havnen.
- Vik Aktivitetspark og turvegen veg «Sylvringen» skal fullførast etter godkjende planar.
- Det skal i samarbeid med Statens vegvesen utarbeidast plan for opprusting av sentrums-gata og tilstøytande areal , basert på prinsipp for *miljøprioritert gjennomkøyring*. Det er forutsett at opparbeiding i stor grad vert kosta av Statens vegvesen .
- Innanfor sentrumsområdet skal det leggjast til rette for fortetting og god arealutnytting av attverande ubygde areal.
- Vikøyri sitt omdøme for god skilting skal ivaretakast . Skiltvedtektene skal innarbeidast i ny arealplan.

### 7.3.4 Reisemålutvikling

- Vik sitt store potensiale som reisemål skal utviklast . Reiseliv skal i planperioden utviklast til ei større næring i Vik, med målsetting 70.000 gjestedøger og ein stor del heilårsturisme i 2024.
- Reiselivsnæringa i Vik skal utviklast etter prinsippa for geoturisme: Næringa skal byggja på lokale ressursar og forutsetningar, og tena lokalsamfunna.
- Satsing på festivalar, arrangement og sportsturisme skal gjera Vik attraktivt som reisemål.
- Småskala reiselivsbygg i form av utleiehytter med heilårsstandard skal prioriterast for kommunale bidrag, saman med kompetansebygging i næringa.
- Det skal leggjast til rette for vidare bygging av private hytter/fritidshus, med mål å auka talet på hytter i planperioden, frå ca 400 til 500.
- Det oppstarta prosjektet for utvikling av Vik som reisemål skal førast vidare. Det skal lagast ein eigen *strategisk plan for reisemålutvikling*, etter Innovasjon Norge sin mal, med næringa sine eigne organisasjonar som *prosjekteigar* og Vik Kommune som part. I planarbeidet skal konsekvensar for Vik av utbygginga i Voss Fjellandsby vurderast nærare.
- Status som *verdsarvkommune* skal brukast aktivt i arbeidet med å utvikla kommunen som reisemål.
- Tiltak for auka lokal verdiskaping rundt bubilturisme skal greiast ut.

## 8.0 Kultur og fritid. Kyrkje

### 8.1 Kultur, idrett og friluftsliv

Det er i 2012 registert 93 frivillige lag og organisasjonar i Vik Kommune.

Kulturaktivitetar og kulturtilbod i Vik kommune er i stor grad organisert og finansiert i eit samspel mellom frivillige lag og kommunen, med lokalt næringsliv som viktig støttespelar. Det er avgjerande for framtida at dette samspelet vert vidareført og styrka.

I Vik Kommune sin organisasjon er ansvar for kultur lagt til avdeling for Oppvekst og kultur, med oppvekstsjef som ansvarleg leiar. Kommunale ressursar på kulturfeltet er Vik kulturskule med eigen rektor, biblioteket og Lokalhistorisk arkiv. Kommunen eig og driv bygg og anlegg som frivillige lag og org brukar, og gjev tilskot/støtte til kultur- og idrettsarbeid. Mål og retningslinjer for verksemda er omtalt i kap. 6.3



#### Mål og tiltak .

1. Vik skal vera ein *idretts- og kulturkommune*, med deltaking , trivsel og skaparglede som fremste kjennemerke. Satsing på kultur, idrett og friluftsliv for alle skal gjera kommunen meir attraktiv for busetting og tilflytting, og skal vera eit prioritert tiltak for god folkehelse.
2. Kommunen skal stå fram som profilert *nynorsk-kommune*, med nyskaping på tradisjonsgrunn som viktig motto.
3. Vik Kommune skal samarbeida med frivillige lag og organisasjonar om å få fram kulturaktivitet og kulturtilbod med breidde og kvalitet.
4. Det skal vera tenlege kulturbygg i alle sokn. Revidert og ajourført Kulturbyggplan skal gje grunnlag for prioritering av offentlege bidrag til lokale kulturhus.
5. Skulane sin rolle som viktig kultur-og fritidsarena skal ivaretakast og styrkast.
6. Vik Kommune vil bidra til å få etablert ei avis for Vik kommune, for m.a. å gje lokalt kulturliv ein informasjonskanal ut til heile kommunen.
7. Vik Kommune ser *festivalarrangement* som viktig satsingsområde, med stor verdi for reiseliv lokal verdiskaping og kompetansebygging, og for Vik sitt omdøme .
8. Arbeid for uorganisert ungdom skal styrkast.
9. Vik Kommune vil samarbeida med turlag og idrettslag for å få på plass eit turvegnett av god standard og med god skilting. Turveggar nær busetnad skal prioriterast.
10. Vik Kommune skal bidra til å sikra og leggja til rette attraktive strekningar for utfart og bading i strandsona. Toalett bør vera tilgjengeleg på dei viktigaste bade plassane.
11. Vik kommune skal i plan sikra tilstrekkeleg og eigna areal for småbåthavner i alle sokn.
12. Vik Kommune skal bidra til å få realisert Vik Aktivitetspark i planperioden .
13. Det skal etablerast *frivilligsentral* i Vik i planperioden.
14. Det er eit mål å få på plass eit kinotilbod i Vik i planperioden.

## 8.2 Kyrkje og religionsutøving.



Kyrkja er eiga eining under Fellesrådet, med 5 kyrkjesokn og 5 kyrkjer med kyrkjegard. Feios og Fresvik sokner deler sokneprest med Balestrand Vik, Arnafjord og Vangsnes har sokneprest i 100% stilling. Andre tilsette utgjer samla ca 4,5årsverk. Kyrkja er ein viktig kulturberar og samfunnsbyggjar i Vik Kommune. Kyrkja driv aktivt ungdomsarbeid og gjev ut eige blad i tillegg til sine øvrige oppgåver. Det er eit stort etterslep på vedlikehald på dei fleste kyrkjene.

### Mål og tiltak

1. Kyrkja må sikrast ressursar til forsvarleg drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar.
2. Det skal utarbeidast ein plan for opprusting og vedlikehald av kyrkja sine bygningar og anlegg, med energiøkonomisering som viktig delmål.
3. Det skal i arealplan sikrast tilstrekkeleg areal til gravplass ved kyrkjene.
4. Vik kommune skal vera open for alle trussamfunn.

## 9.0 Folkehelse, likestilling og universell utforming.



Vik er *folkehelsekommune* med folkehelsekoordinator i 30% stilling.

### Mål og tiltak:

1. Vik sin gode folkehelseprofil skal holdast ved like og forbedrast. Folkehelse skal vera eit hovudfokus i alt planarbeid i Vik kommune. Tiltak for utjamning av levekår skal ha prioritet.
2. Tirettelegging for fysisk aktivitet skal gjerast med satsing på gode gang-og sykkelveggar, turveggar og turstiar, og anlegg for idrett og friluftsliv. Tiltak og anlegg som aktiviserer breie grupper skal prioriterast.
3. Prinsipp for universell utforming skal leggjast til grunn ved nyanlegg og opprusting av eks. anlegg.
4. *Råd for funksjonshemma* , *Eldrerådet*, og *Repr. for barn og unge* skal involverast i alt planarbeid som vedgår deira interesser.
5. Kommunen vil syta for eit godt tilbud om *norskopplæring* for alle framanspråklege tilflyttarar, for i sikra god integrering og høve til deltaking i samfunnet.

## 10. Bruk og vern av natur og kulturmiljø



### 10.1 Verna område. Naturmangfald

Større verneområde i Vik kommune:

- Del av Stølsheimen landskapsvernområde ca 213km<sup>2</sup> ( av totalt ca 367 km<sup>2</sup> verneområde)
- Del av Nærøyfjorden landkapsverområde/verdsarvområde. 83km<sup>2</sup>
- Eitrestrondi naturreservat. (Edellauvskog). Ca 2,4km<sup>2</sup>.

Eit landbruksområde på ca 700 daa i øvre Flatbygdi er regulert til "bevaring av jordbrukslandskap" I plan av 2009. Eit område rundt Hove kyrkje vart mellombels *freda* etter Kulturminnelova i 2005. Samla verna areal utgjer ca 300 km<sup>2</sup>, som er ca 36% av kommunen sitt areal.

Det er i *Naturbasen* registrert 44 *utvalde naturtypar*, og 2 *freda* naturobjekt .

#### Mål og tiltak:

1. Vik kommune skal bidra til god forvaltning av verdifulle landskap og naturressursar i kommunen.
2. Kommunen skal profilera seg som *verdsarvkommune* med verna og høgverdig natur i verdklasse.

### 10.2 Vasskraft. Vindkraft.

Nedslagsfelt for eksisterande vasskraftanlegg utgjer ein stor del av kommunen sitt areal

Auka nedbørmengd vil auka potensialet for kraftproduksjon.

NVE registrerte i 2003 attverande potensiale for vasskraft, m.a. i Vik kommune.

Mange av dei om lag 30 potensielle prosjekta har stort konfliktpotensiale med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og turisme.

#### Mål og tiltak:

1. Det skal tidleg i planperioden utarbeidast kommunedelplan for småkraftverk. Planen skal avklara kva vassdrag som skal sparast og kva vassdrag som kan byggjast ut.

### 10.3 Matjord og Jordvern.

God jord med høg bonitet har historisk vore Vik sin viktigaste ressurs for produksjon og verdiskaping.

Det var registrert ca 13 000 da fulldyrka og overflatedyrka jord i drift i kommunen 2010.

Registrert tap siste 6 år i snitt: 13-14daa/år. Nasjonalt mål er å halvera tapet.

#### Mål og tiltak:

1. Det er eit mål å redusera tapet av matjord til veg- og byggeformål til under 10da i snitt pr år i planperioden.
2. Det skal stimulerast til nydyrking for å halda oppe samla areal.
3. Satsing på Vangsnes som utbyggingsområde for bustader og næring, for å avlasta press på matjord i/ved Vik sentrum.



## 10.4 Vassdirektivet. Vasskvalitet og ureining.

*Vassdirektivet* inneber store oppgåver også for kommunane med registrering og utbetring av vasskvalitet i sjø og vassdrag. Vik kommune er del av Ytre Sogn Vassområde. Prosjektplan fram til 2015 ligg føre.

*Regulerte vassdrag.*

Seljadalselva, Vikja, Hugla, Hopra og Dalselva er regulerte vassdrag utan krav til minstevassføring, og med til tider sterkt redusert vassføring i lange periodar.

Vikja og Hopra renn gjennom aktive landbruksområde og nokre av dei tettast busette områda i kommunen.

*Drikkevatn.*

Nedslagsfeltet for Refsdal kraftverk er tilnærma identisk med drikkevasskjelda for Vik Vassverk.

Ca 12 km av RV 13, og ca 100 hytter ligg i nedslagsfeltet.

Store deler av nedslagsfeltet er og viktig utfartsområde, og beiteområde for husdyr.

Samla utgjør dette eit stort potensielt ureiningspress på drikkevasskjelda.

### Mål og tiltak:

1. Vik kommune vil fylgja opp vedtekne planar etter vassdirektivet, med sikte på betre vasskvalitet i utsette vassressursar. Dei regulerte vassdraga Vikja og Hopra skal prioriterast for tiltak. For Hopra er aktuelle tiltak sanering av alle utslepp/avløp, tiltak mot avrenning frå landbruket, samt pålagt minstevassføring.
2. VK vil fremja krav om *vilkårsrevisjon* for dei eksisterande vassdrags konsesjonane, der krav om minstevassføring vert sentralt.
3. Vik kommune vil sikra god kvalitet på drikkevatnet med restriksjonar på bygging og andre tiltak i nedslagsfeltet.

## 10.5 Strandsona.

VK har ca 100 km strandsoner. Av dette ca 60 km med riksveg eller fylkesveg.

VK har gjort ein *strandsonanalyse* på grunnlag av kjent kunnskap og registreringar av tiltak i strandsona.

### Mål og tiltak:

1. Naturleg strandsoner er ein avgrensa ressurs med stor eigenverdi, og stor verdi for rekreasjon og friluftsliv. Attverande ubygde strekningar skal som hovudregel haldast fri for utbygging ut over tilrettelegging for allmenn bruk. Utbygging til andre formål skal som hovedregel skje i tilknytning til eksisterande utbygde område.
2. Statlege retningslinjer for utbygging i strandsona, samt strandsonanalyse for Vik kommune av 2012 skal leggjast til grunn for planlegging og forvaltning i strandsona.

## 10.6 Fisk og vilt. Villreinstamma.

Kommunen har ein stor hjortebestand, med årleg uttak på over 300 dyr, og relativt store leveområde for småvilt som rype og hare. Fjellvatna har stor bestand av aure.

Elva Vikja er *nasjonalt laksevassdrag* med relativt stort og godt organisert fritidsfiske.

Kommunen har eit medansvar for forsvarleg forvaltning av *villreinstamma* på ca 500 dyr i høgfjellsområda *Fjellheimen*. Det er starta opp arbeid med interkommunal delplan for *Fjellheimen villreinområde*, som eit samarbeid mellom 5 kommunar, og med Voss som vertskommune.

Både hjortejakt, reinsjakt og småviltjakt er viktige fritids- og rekreasjonsaktivitetar.

Grunneigarlag sel jakt og fiskekort.

### **Mål og tiltak:**

1. Vik kommune skal i samarbeid med Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemd og Fjellheimen Villreirutval bidra til god forvaltning av villreinstamma i kommunen sine fjellområde, og vera ein aktiv part i interkommunalt planarbeid for Fjellheimen villreinområde.
2. Vik Kommune skal samarbeida med grunneigarar og frivillige organisasjonar om god forvaltning av vilt- og fiskebestandar i kommunen.

## **10.7 Mineralressursar. Massetak. Deponi**

NGU har i Grusdatabasen registrert i alt 27 forekomstar av grus/pukk i kommunen.

Eit godkjent grustak på Brufloten/Tenne i Arnafjorden leverer grusmassar av god kvalitet .

Ei rekkje mindre grustak i andre deler av kommunen leverer grus av varierende kvalitet.

3 godkjende steinbrot i Arnafjorden og 1 på Vangsnes leverer stein til muring og plastring m.m.

Vik importerer i dag mykje grusmassar og knuste massar. Dette vil truleg vera aktuelt ogso i framtida, sjølv om kommunen samla har sett tilstrekkelege grus- og steinmassar av tilfredsstillande kvalitet til eige forbruk.

Vik hovudsokn manglar eigna stad for masselager/deponi.

I 2008 gjorde VK ei registrering av eks. massetak, med sikte på å få avvikla tiltak opna utan løyve, evt. gje dei godkjenning for drift. Arbeidet er ikkje slutført.

Industriell utvinning av dei store talk-forekomstane i fjella sør for Arnafjorden er innstilt.

Det er ingen aktuelle planar om å ta oppatt utvinning.

### **Mål og tiltak:**

1. Vik kommune skal bidra til god forvaltning av mineralressursar i kommunen.
2. For alle massetak og steinbrot i Vik Kommune skal det vera godkjend plan for drift og avslutning.
3. Det skal utarbeidast plan for avslutning av eksistarande massetak på Vange .
4. Det skal vera godkjende plassar/deponi for masselagring og hageavfall i alle sokner.
5. I planperioden skal det utgreiast om det er grunnlag for kommersiell utvinning av anortositt og talk-ressursane i kommunen.

## **10.8 Energi og klima.**

Kommunedelplan for Energi og Klima vart vedteken i 2011, for perioden 2011-15.

Status (Utdrag):

CO2- rekneskapen er positiv på grunn av stor lokal eigenproduksjon av rein energi.

Det er lite lokal ureining av luft. Avfallsmengde er mindre enn landsgjennomsnittet.

Eldhuset biovarmeanlegg forsyner en stor offentleg bygningsmasse med vassboren varme .

### **Mål og tiltak:**

1. Vik kommune skal bidra til energisparing og reduserte utslepp av klimagassar ved å fylgja opp mål og tiltak i delplan for klima og energi.
2. Tiltak skal inkludera samordna energi- og transportplanlegging med sikte på å redusera behov for bilkøyning.

Det skal i planperioden etablerast ladepunkt for el-bil i alle sokn.

## 10.9 Kulturminne og kulturmiljø



Flateng, Vik

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs, og kjelde til kunnskap, oppleving og næring. Mellomalderkyrkjene , Vikøyri, Fridtjovstatua på Vangsnes, og kulturlandskapet er ein viktig del av Vik sin identitet.

Det er registrert i alt 102 freda objekt i Vik kommune.

Freda bygg i Vik kommune: Hopperstad stavkyrkje og Hove kyrkje med kyrkjegard.

Eit område på ca 200daa rundt Hove kyrkje er mellombels freda frå 2005.

Bygningar eldre enn år 1900 vart registrerte på tidleg 1980-tal (SEFRAK-registeret)

Strandsitjarstaden Vikøyri og store deler av øvre Flatbygdi er underlagt *vern* i planer etter Plan og bygningslova. Det gjeld og ei rekke einskildbygg i Flatbygdi.

*Utfordringar.*

Landbrukets kulturminner går tapt i høgt tempo på grunn av nye driftsmåtar og bruksnedlegging. Det hastar med å sikra eit representativt utval.

Tradisjonelle naustmiljø og i stor grad industrielle kulturminne er truga av forfall og bruksendringar.

### Mål og tiltak:

1. Vik kommune skal bidra til god forvaltning av kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Av nyare tids kulturminne skal det sikrast eit representativt utval.
2. Det skal utarbeidast eigen delplan for kulturminne. Planen skal vera eit *kunnskapsgrunnlag*, og gje *retningsliner for forvaltning*, og grunnlag for prioritering av offentlege midlar. Vik kommune vil fylgja opp planen med midlar og tiltak for sikra prioriterte kulturminne.

## 11.0 Samfunnstryggleik og beredskap.

### 11.1 Krisehandtering/kriseberedskap.

Det er utarbeidd eigen *Beredskapsplan for Vik Kommune kommune*, godkjent i KS 15.3.2010

I samsvar med planen er det etablert *kriseleiing* for Vik Kommune, med definerte fullmakter.

Røde kors Hjelpekorps har lokal organisasjon i Vik med eigen garasje for køyretøy og materiell.

Helse Førde driv ambulansetenesta i Vik. Vik har eige lensmannskontor.

#### Mål og tiltak:

Vik Kommune forventar at lensmannskontoret og ambulansetenesta i Vik kommune vert vidareført minst på same nivå som i dag.

### 11.2 Brannvern.

Vik brannvern inngår i *Sogn brann- og redning IKS* i lag med Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster.

Brannstasjonar: Vik sentrum, Fresvik Utrykningstid til "spesielle brannobjekt" er 10min.

#### Mål og tiltak:

Vik Kommune skal gjennom Sogn Brann og Redning IKS syta for god brannberedskap i heile kommunen.

Tiltak for betre sikring av det verna trehusmiljøet på Vikøyri skal greiast ut i planperioden.

### 11.3 Naturfare. Ras, Flaum o.l.

Deler av kommunen sine busette areal, og område aktuelle for bygging/busetting ligg i område med fare for ras og/eller flaum. Viktige deler av hovudvegnettet i kommunen er rasutsett.

NVE sine *flaumsonkart* for Flatbygdi/Vik sentrum. (NVE 16-2005). viser at ein 500-årsflaum vil setja store deler av Vikøyri og industriområdet langs Vikja under vatn.

Straumnettet til bygdene utanom hovudsoknet er sårbart for ekstremver.

Store damanlegg i fjellet i samband med vassdragsregulering utgjer ein potensiell fare for busetnad i

Refsdal og Flatbygdi, samt Framfjorden. NVE har gjennomført opprusting av damanlegg.

Sannsynet for dambrot er vurdert som svært lite, og vert ikkje vidare omtalt her.

#### Mål og tiltak:

1. Vik Kommune skal til ei kvar tid ha ein oppdatert *overordna ROS-analyse* for heile kommunen. (ROS: «Risiko- og sårbarhetsanalyse»)
2. Vik Kommune forventar at stat og fylkeskommune set i verk tiltak for rassikring av hovudvegnettet
3. Vik Kommune forventar at eigar av nett for el-forsyning gjer tiltak for å betra forsyningstryggleiken i heile kommunen.
4. Alle nye utbyggingsområde skal vera trygge for ras og/eller flaum.
5. For eksisterande busette område som kan vera utsette for rasfare skal det gjerast geologiske undersøkingar som grunnlag for evt. tiltak.  
Prioritert område er Hopperstadmarka/Prestberget i Vik
6. Vik Kommune skal ta omsyn til venta klimaendringar i planar for fornying og utbygging av teknisk infrastruktur.
7. Vik Kommune skal syta for god informasjon til alle innbyggjarar om aktuell naturfare og om tiltak og beredskap.

## VEDLEGG 1: **LOVGRUNNLAG OG YTRE RAMMER.**

### Utdrag Plan og bygningslova av 2008.

#### **§ 11-1. Kommuneplan**

Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter :

- samfunnsdel med handlingsdel
- arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.

Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

#### **§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel**

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon.

Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

#### **§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel**

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

### Rammer. Lover og retningslinjer

Nasjonale :

- \*Plan- og Bygningslova av -08
- Naturmangfaldslova av -09
- Folkehelselova 2011
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester 2011
- Sivilbeskyttelseslova 2010
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. 2011
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen. 2011
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. 5/93)

Nettsteder:

- Fylkesatlas
- Naturbasen
- Fylkesspegelen
- Miljøstatus i Sogn og Fjordane.

- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T5/95)

#### **Regionale planar/retningslinjer:**

- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2011
- Fylkesplan for Sogn og Fjordane .2005-12
- Fylkesdelplan for arealbruk 2000
- Fylkesdelplan for landbruk 2002
- Fylkesdelplan for klima og miljø 2009
- Jordvernstrategi for Sogn og Fjordane 2008/2010
- ROS analyse for Sogn og Fjordane 2007
- Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010



## Vedlegg 2: Vik Kommune sitt planverk.

Oppstilling nedanfor gjev eit oversyn over Vik Kommune sitt planverk.

I oppstillinga er teke med planar som ikkje er laga, men som skal utarbeidast i fylgje vedteke planprogram av 27.3.2012, og framlegg til revidert samfunnsdel.

PLAN	Plan Utarbeidd	Plan under arbeid	Plan skal lagast
<b>Kommuneplan.</b>			
Samfunnsdelen m. handlingsplan	x		
Arealdelen	x		
Økonomiplan og budsjett	x		
<b>Kommunedelplanar.</b> Pbl. §11-2			
Klima- og energiplan	x		
Hovudplan for Avløp	x		
Hovedplan Vassforsyning	x		
Kommunal plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	x		
Ruspolitisk handlingsplan	x		
Trafikktryggleiksplan for Vik kommune.	x		
Kulturminneplan for Vik kommune		x	
Delplan omsorg og helse			x
Kommunedelplan vegforvaltning.		x	
Strategisk plan for reisemålutvikling			x
Strategisk næringsplan		x	
Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde		x	
Kommunedelplan for små vasskraftverk			x
<b>Temaplanar</b>			
Brannordning for Vik	x		
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	x		
Kulturbyggplan	x		
Kjerneområde landbruk		x	
Hovudplan for skogsvegar		x	
Strategiplan for informasjons teknologi			x
Beredskapsplan for Vik kommune.	x		
Avfallsplan for kommunale havner	x		
<b>REGULERINGSPLANAR</b> Eiga oppstilling over gjeldande reguleringsplanar skal inngå i revidert arealdel av kommuneplanen.			

